



Det var flott stemning på jordet heile kvelden. Her under Timbuktu sin konsert.

Første kvelden på Dønhaug-jordet under Festidalen 2016 vart verkeleg ei fulltreffar. Då det er hektiske tider har vi ikkje fått bekrefta publikumstalet, men at det vart rekordframsmøte, kan det ikkje vera tvil om. Stemningen var uttruleg bra, og publikum var i skikkeleg god festivalstemning. Vaktstyrkane var også fornøgde med kvelden.

På grunn av oppgåver ute i felten fekk ikkje undertekna oppleve dei første artistane på scenen., men frå Kristoffer Schau og The Dogs kom på og ut kvelden, kan eg i alle fall underskriva på toppstemning.

Eg kan aldri hugsa å ha opplevd slik stemning som det var då Timbuktu var på scenen og avslutta kvelden. Svensken med 8 mann i orkesteret køyrde eit forrykande show utan eit einaste daudpunkt. Både unge og eldre festivalpublikummarar vart rivne med, og rundt 2500 dansa, song og klappa der dei var tettpakka på jordet framfor scenen. Timbuktu avslutta konserten gong på gong, og publikum ville framleis ha meir. Ei topp avslutning på kvelden!!!

Elles var det svært så godsleg og fin stemning heile kvelden. Vaktene rapporterte også om ein koseleg kveld. Det verka som om kjøpet av vakttenester hos Prosec var vellukka. Små endringar gjorde klare forbetringar, og dei frivillige fulgte opp med å gjara ein god innsats. Prosec-vektarane var også heile tida tilgjengelege for dei frivillige vaktene.

I dag held Festidalen fram med tettpakka program. Det startar med gratis festivalfrukost på Oska kl.10. Deretter går det slag i slag med eit imponerende familieprogram til Vamp går på scenen på Dønhaug kl.16. Der ventar ein stor kveld fram til den vert stemningsfullt avslutta med Susanne Sundfør. Vi gleder oss, og vermeldingane er absolutt på lag!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Stig Framnes/Festidalen.